



Referat

Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde

Dato og tid:	16. september 2021 kl. 10:00 – 13:00
Møtestad:	Digitalt møte på Teams
Møteleiar:	Åslaug Bøhn Botnen
Til stades:	Ida C. Eide Aabrek (brukarrep.), Stein Johnny Heggestad (brukarrep.), Olav Lødemel (Voss sjukehus), Grete Lill Hjartnes (SSE), Britt Heidi Tefre (NSF), Solrun Hauglum (Vaksdal), Åslaug B. Botnen (Kvam), Karin Flatabø Thrane (Eidfjord), Kjersti Nordanger (Voss), Åshild Sørstebø (Ulvik),
Fråfall:	Frédéric E. Larsen (Voss DPS NKS Bjørkeli), Randi-Luise Møgster (HUS), Ragnhild Rykkje (fagforbundet), Madeleine B. Skjelde (Voss sjukehus)
Referent:	Reidun Braut Kjosås (SSE)

Nr.	Saksliste	Saks-type (Vedtak Drøfting Orientering)
32/21	Godkjenning av innkalling og saksliste Innkalling og saksliste vart godkjent utan merknader.	V
33/21	Formell godkjenning av referat frå møtet i Samarbeidsrådet 1. juni 2021 Referat frå møtet i Samarbeidsrådet 1.juni vart godkjent utan merknader. Eit spørsmål til sak 29/21. Er det behov for dialogmøte mellom sjukehuset og kommunane? Kommunane svarer i sak 44/21 at dei ikkje har behov for ytterlegare dialogmøte.	V
34/21	Referat frå møte i underutvala Referat frå møtet i UFAB var ettersendt kort tid før møtet. - Sak 20/20 . Plassering av legevakt på sjukeheimen er eit av alternativa som vert utgreidd. Det er eit godt samarbeid mellom Helse Bergen/Voss sjukehus og Voss kommune.	O
35/21	Covid-19 – orientering frå koordineringsgruppa og presentasjon av evaluering SSE ved Grete Lill orienterte om undervegs-evalueringa som er gjennomført.	O

	<p>Dag Erlend (kommuneoverlege i Kvam herad) orienterte om status for arbeidet i koordineringsgruppa.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Pandemikoordineringsgruppa fungerer godt. - I vår regionen bør me arbeida for betre koordinering mellom kommunane i lokalsjukehusområdet for Voss sjukehus både før og etter møta. - Randi-Luise og Brit Pedersen har på vegne av koordineringsgruppa ført i pennen felles brev til Statsforvaltaren <p>I eit «vanleg møte i pandemikoordineringsgruppa går ein gjennom:</p> <ul style="list-style-type: none"> - kommunane orienterer om smittestatus i regionen og status for vaksinasjon - kapasitet på testing og smittesporing. Dersom det er ønskje om å diskutera spesifikke problemstilling vert desse meldt inn på førehånd. <ul style="list-style-type: none"> o spesifikk utfordring i førre møte var mellom anna korleis få fleire i aldersgruppa 25-39 år til å møte opp til vaksinasjon. - HB og HDS orientere om status og utfordringar frå føretaket <ul style="list-style-type: none"> o tal innlagde o kapasitet på laboratoriet (per i dag føreligg svar på under 24 timer i 98% av tilfella). 	
36/21	<p>Styrking av tilbodet til pasientar med rus og psykiske helseplagar – etablering av samarbeidsstruktur</p> <p>Orientering ved Roger Atle Wæhle Kårstad Prosjektleder Divisjon Psykisk helsvern Presentasjonen som vart vist i møtet ligg ved.</p> <p>Frist for å melde tilbake namn på representant til forløpsgruppa er 1.nov. Fyrste møte i gruppa er 25.nov.</p> <p>Kommunalsjefane i lokalsjukehusområdet melder tilbake til Reidun (som sender vidare til Geir Lien og Roger Kårstad) kven som bli Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde sin representant i arbeidet.</p> <p>Vedtak</p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til framlegg til samarbeidstruktur knytt til ROP pasientar</p> <p>Samarbeidsrådet oppnemner ein representant innan 1.nov til å delta i forløpsgruppe ROP for samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde.</p>	V
37/21	<p>Forløpsgruppe psykose - deltaking frå kommunane</p> <p>Orientering ved Geir Lien Spesialrådgjevar Divisjon Psykisk helsevern</p> <p>Kommunalsjefane i lokalsjukehusområdet melder tilbake til Reidun (som sender vidare til Geir Lien) kven som bli Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde sin representant i arbeidet.</p> <p>Vedtak</p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde oppnemner ein representant til å delta i forløpsgruppe psykose innan 1.nov.</p>	V

38/21	<p>Fremtidens psykiske helsevern Geir Lien Spesialrådgjevar Divisjon Psykisk helsevern orienterte om saka. Presentasjon ligg ved.</p> <p>Tilbakemeldingar frå samarbeidsrådet</p> <ul style="list-style-type: none"> - godt initiativ frå Helse Bergen - ser fram til vidare arbeide omkring denne tematikken <p>SR Voss melder innan 19.okt inn 10 kommunale representantar til innspelskonferansen 04.11.21. Innspelskonferansen 4.nov gjeld vaksne pasientar.</p> <p>Det vert ein eigen innspelskonferanse knytt til barn og unge. Også til dette arbeidet skal det meldast inn 10 representantar frå SR Voss. Etter møtet har Reidun fått melding om at denne innspelskonferansen vert 13.desember.</p> <p>I tillegg til innspelskonferansane vert det ein høyringsrunde til alle kommunar mars 2022</p> <p>Vedtak Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde støtter forslaget om bruk av innspelskonferansar i utvikling av psykisk helsevern for framtida.</p>	V
39/21	<p>Pasient Sentrert Helsetjeneste Team (PSHT) Pål Ove Vadset seksjonsleiar FoU presenterte prosjektet. Presentasjonen ligg ved.</p> <p>Frå diskusjonen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - SR Voss er positiv til dette tiltaket og ønskjer det velkommen. - SR Voss ønskjer meir info om liknande prosjekt som er prøvd ut i nord (ved UNN). - Det er viktig å læra av andre men og å finna ei tilpassa løysing for vårt opptaksområde. - Geriatri er eit område som er aktuelt i vårt lokalsjukehusområde - Det er ønskje om meir informasjon (enten i neste møte eller som eige seminar). Ønskjer informasjon både om korleis me kan gjera det hos oss men og informasjon og erfaringar frå UNN. 	O
40/21	<p>Handlingsplanen SSE orienterte om status for tiltaka.</p> <p>Det er aktuelt med presentasjon av E-helse vestland i desembermøtet. Solrun (Vaksdal) og Åslaug (Kvam) førebur ei orientering.</p>	O
41/21	<p>Etablering av Helsefellesskap Åshild (Ulvik) og Åslaug (Kvam) deltek frå vårt utvalsområde i arbeidsgruppa for Helsefellesskap.</p> <p>Åslaug Bøhn Botnen orienterte på vegne av arbeidsgruppa om status for arbeidet og vidare plan for arbeidet med helsefellesskap. Presentasjon frå orientering ligg ved. Det er planlagt eit møte med kommunalsjefane 30.09.21 det dette er tema. Det er ikkje avklart korleis rådmennene skal ta del.</p>	D/O

	SSE orienterte om status for arbeidet med revidert nasjonal rettleiar for samarbeidsavtalar og rettleiar for fastlege representasjon i helsefellesskap. Presentasjon frå orienteringane ligg ved.	
42/21	<p>Søknad om tilskot til Legevaktseminar for Hardanger og Voss legevaktdistrikt</p> <p>Vedtak Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde løyer kr. 50 000 til legevaktsseminar for Hardanger og Voss legevaktdistrikt.</p>	V
43/21	<p>Justering av utviklingsplanen 2035</p> <p>Det var ingen merknader til saka.</p>	O
44/21	<p>Orientering frå partane</p> <p>Vaksdal kommune</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vaksdal er ein av dei 20 Hordaland kommunane som saman med dei andre i vårt samarbeidsrådområde deltek i Vestlandsprosjektet. Dette prosjektet vert fasa ut til nyttår, og satsinga på digitalisering og implementering av velferdsteknologi vert vidareført i E-helse Vestland der også kommunar frå tidlegare Sogn og Fjordane deltek. - Vaksdal er snart i gang med bygging av nytt helsebygg med 23 omsorgsbustadar og ein flott overbygd vinterhage. Det skal byggjast på Jamnetomta ved sida av Vaksdal sjukeheim. - Me har hatt ei justering av organiseringa i Vaksdal kommune. Helsestasjonen med helsesjukepleiarar, jordmor og psykolog kjem no attende til Helse og omsorg. Dei har dei siste par åra vore organisert under Oppvekst. Tenesteområde Helse og omsorg vil skifta namn til Helse og meistring. <p>Voss herad</p> <ul style="list-style-type: none"> - Har gjennomført årleg seminar 2.sep for politikarar <ul style="list-style-type: none"> o gjennomgang av kapasitet og korleis me tenker det blir framover o me brukar per i dag meir korttidsplassar og mindre langtidsplassar. Me erfarer at dei som kjem til langtidsplassane har kognitiv svikt og dei er dårlegare no enn tidlegare når dei kjem inn. - Det er drift av 10 senger på Hagahaugen. Det er tilbod om 2-3 vekers rehabiliteringsopphold. Me har moglegheit for utvikling av tilbodet. - TISK arbeidet pågår og er periodevis krevjande <p>Ulvik herad</p> <ul style="list-style-type: none"> - Har utfordringar etter covid-19 utbrotet. Fleire tilsette er slitne og langtids sjukemeldte. - Det er nesten fullt på omsorgsbustaden - Kommunen har fleire tunge pasientar og slit med å få sjukepleiarar. Er per no noko underbemannana. - Ulvik og Eidfjord har i samarbeid tilsett ein prosjektleiar som mellom anna arbeider med « leve hele livet » og førebygging av einsemd. Dette er særslig positivt. <p>Eidfjord kommune</p> <ul style="list-style-type: none"> - Manglar sjukepleiarar og opplever vanskar med rekruttering 	O

	<ul style="list-style-type: none"> - Planlegg meir fokus på heimetenester framover. Me vil sjå til Voss korleis dei har gjort dette. - Har ikkje hatt covid-19 utbrot men brukar ressursar på testing <p>Kvam herad</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tenesta er framleis prega av pandemien, spesielt knytt til testing og vaksinasjon. - Ny omsorgsmodell i pleie og omsorg tek gradvis form. Fleire skal få tilbod heime og kompetansen i heimetenesta er styrka. - Arbeid med temaplan for Demensomsorga er starta. - Bygging av nye Strandebarm omsorg med 26 bueiningar er starta. Det nye omsorgssenteret skal erstatta dagens institusjonsplassar på Strandebarmheimen, trygde- og omsorgsbustader. - Strategiplan for Leve hele livet- reforma skal til politisk handsaming i novembermøte. - Kommunen har inngått samarbeidsavtale med Helse i Hardanger om kompetanseheving for psykolog og fysioterapeutar. - Framleis rekrutteringsutfordringar i fastlegeordninga. Fastlegen ved Ålvik legekontor er flytta til Helsebanken legekontor og det er tilsett ny fastlege ved Norheimsund legesenter. Tal opningsdagar ved utekontora i Ålvik og Strandebarm er redusert med ein dag på kvart av kontora. <p>Helse Bergen</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er god rekruttering til ledige stillingar ved sjukehuset, men utfordringar med nokre legespesialistar (kardiolog, ortoped) og spesial sjukepleiarar (jordmor). - sjukehuset har god aktivitet men ein krevjande økonomi - Utviklingsplanen for 2035 vert justert slik at den framstår meir digital. <ul style="list-style-type: none"> o samhandling vert framleis ein viktig del av planen - Helse Bergen er inne i ei tid med innføring av nye og store IKT system <ul style="list-style-type: none"> o Zap-libra (logostikk og økonomi) o Dips-arena (elektronisk pasient journal). Mange som skal få innføring og opplæring. Voss sjukehus skal i gang over på nyåret. - Covid-19 situasjonen er handterbart. Voss sjukehus har normal drift og ting går fint. - Nødnett i sjukehus (IKT prosjekt) vart teke i bruk før sommaren. Erfaringa er dårlegare enn venta. Varsling og radio er god men kommunikasjonen er dårlegare enn å bruka telefon. Det skal gjennomførast ei skikkeleg evaluering før prosjektet går vidare. - Det er nyleg gjennomført møte mellom fastlegane i lokalsjukehusområdet og lokalsjukehuset. - Styremøtet for Helse Bergen vart nyleg gjennomført på Voss. I denne samanheng var det og eit dialogmøte med kommunane. <p>Sjukepleiarforbundet</p> <ul style="list-style-type: none"> - Minner om sjukepleiar kongressen på Gardermoen. <p>Brukarrepresentant (Ida)</p> <p>Deltek i mange ulike prosjekt, til dømes</p> <ul style="list-style-type: none"> - Pasientens legemiddelliste, PLL - Nytt Vardesenter på Haukeland. Der er eg med i både Driftsrådet for Vardesenteret, og Prosjektgruppa for det nye Vardesenteret. - Glassblokka, det nye sjukehuset for mor og barn. 	
--	--	--

	<ul style="list-style-type: none">○ ungdomsrådet deltek og i dette arbeidet. Dei er flinke. Klare mål og meininger.	
45/21	Eventuelt	

Neste møte 9.desember på Voss sjukehus (fysisk møte)